Nr. 5 juni 2006 – Årg. 21



# Bygdabladet for BOKN



Prikkfritt stevne i knallvér.
Les meir s. 3

Storstilt opning av ballbinge.
Les meir s. 8

Vegnavn og husnummer i Bokn.
Les meir s. 10

Eit år som vertsfamilie.
Les meir s. 23

www.bygdabladet.no



# ORDFØRAREN HAR ORDET

**Engasjement og folkerøysting**
Diskusjonen om ei eventuell kommunesamanslåing går etter det eg høyrer godt. Det er bra med engasjement og deltaking i ei så viktig sak.
Eg vil og minne om folkerøystinga 18/9. Det vil bli mulegheit for førehandsrøysting på Boknatun, det vil bli opplyst nærmare om det.

Folkemøtet den 7/6 var svært godt besøkt og tilbakemeldingane eg har fått tydar på at det var eit godt og svært sakleg møte med gode innleiingar ar fylkesordførar Roald Bergsaker(H) og tidlegare fylkesordførar Odd Arild Kvaløy(SP).
Det vil bli eit folkemøte til etter sommarferien med hovudfokus på tilgjenge og omfang av kommunale tenestar framover.

Eg trur at - sjølv om me er for eller i mot ei kommunesamanslåing - så er det lærerikt og nyttig å ta denne diskusjonen nå. Me får god innsikt i korleis stoda er og me får informasjon om korleis utviklinga vil bli framover.

Men kanskje det viktigaste resultatet blir at me på Bokn engasjerer oss kraftig for å ta vare på det fine lokalsamfunnet me har. For det må ikkje herska tvil om at utan eit kraftig engasjement frå oss på Bokn vil det bli vanskeleg med ei positiv utvikling på Bokn i framtida, uansett eigen kommune eller ikkje. Eg trur og det er godt å bli ferdige med spørsmål om kommunesamanslåing for ei tid.

**Rekneskapen**
for 2005 er klar og viser eit overskot på ca 930 000,-, som skuldast litt høgare inntekter og lågare driftskostnader enn budsjettert. Overskotet blir foreslått brukt til delvis å dekke underskotet frå 2004.
Bokn kommune har kontroll over økonomien, men budsjettet er svært stramt og kommunen har svært lite handlingsrom til små og store nye tiltak som burde vært gjennomførte. Det er gledelig at lånegjelda minkar og er nå på ca. 45,5 mill kr. og at finansutgiftene dermed også minkar. Får håpe at renteauken ikkje blir stor framover.

**”Samfunnslimet”**
Formannskapet har fordelt 120 000,- i kulturmidlar til frivillige lag og organisasjonar.
Det er eit svært viktig arbeid desse lag og organisasjonar gjer for lokalsamfunnet på Bokn. Fleire seier at dei er limet som får heile samfunnet til å henga saman.
Eg må berre få takka alle som gjer ein innsats, og understreke igjen at det er svært viktig for Boknasamfunnet. **(Sjå under - red.anm.)**

**Mindre tilgjengeleg**
Til slutt vil eg komme med ei orientering om mi eiga stilling.
Som de veit reduserte kommunestyret ordførarstillinga til 50%.
Eg vil nå begynne i arbeid i dei resterande 50%. Dette vil medføre at eg ikkje blir så tilgjengeleg som før og at det er best å prøve og møte eller snakke med meg på mandagane.

God sommar!

*Svein Ove*

# Kulturmidlar 2006

Bokn formannskap fordelte i møte 30. mai årets kulturmidlar.

Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte.

**Kr. 110.000 blei fordelte slik:**

| Lag/organisasjon | Fordeling | (Fekk 2005) |
|---|---|---|
| Bokn barnekor | **kr. 3.000** | (4.000) |
| Bokn bedehus | **kr. 2.000** | (1.500) |
| Bokn båtforening | **kr. 1.000** | (1.000) |
| Bokn d.- og ungdomslag | **kr. 2.000** | (1.500) |
| Bokn hagelag | **kr. 1.000** | (1.000) |
| Bokn idrettslag | **kr. 25.000** | (20.000) |
| Bokn KFUK/-M | **kr. 17.000** | (9.000) |
| Bokn musikkorps | **kr. 15.000** | (9.000) |
| Bokn mållag | **kr. 1.000** | (1.000) |
| Bokn paintballklubb | **kr. 2.000** | oppstartingsmidlar |
| Bokn ride-køyrekl. | **kr. 13.000** | (13.000) |
| Bokn Røde Kors | **kr. 12.000** | (10.000) |
| Bokn skyttarlag | **kr. 5.000** | (5.000) |
| Bokn vevstove | **kr. 1.000** | (1.000) |
| BCG-dataklubb | **kr. 10.000** | (10.000) |

Laga med berre vaksne medlemmer får kr. 1.000,- kvar. Meir til Danse- og ungdomslaget for at dei også aktiviserer til barn og unge gjennom året.

Barnekoret, Bedehuset, Bokn Røde Kors Hjelpekorps og BCG-dataklubb får det dei søkjer om. Bokn paintballklubb får kr. 2.000 i oppstartingsmidlar. BORK og Skyttarlaget får det same som i fjor.

Blant dei største laga får Musikkorpset, speidarane og BIL auke, der speidarane får kompensert for at dei ikkje får §7-potten.

**§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak (Kr. 10.000)**

To lag søkte om støtte til spesielle tiltak:
Bokn KFUK-KFUM-speidarar Reise til landsleir på Røros 29.07 – 05.08 2006 Bokn idrettslag KM i trial og investering i fotballdraktar
**Denne potten gjekk til Bokn idrettslag; til KM i Knarholmen og investering i fotballdraktar.**

Med å arrangera kretsmeisterskap i trial set Bokn idrettslag denne sommaren Bokn på kartet. Kommunen vil vera med på å tilrettelegga for fysisk aktivitet, og støttar dette arrangementet, samt idrettslaget si investering for at laget kan avvikla alle fotballkampane på ein tilfredsstillande måte.

# Prikkfritt stevne i knallvér

Jardar Havikbotn

**Det var mykje godlyd i Knarholmen då Bokn Idrettslag (BIL) arrangerte kretsmeisterskap i trial laurdag 17. juni.**



**Motorisert bisverm inntok Knarholmen 17. juni.**



Bjørn O. Jøsang

Brrønn, brrønn! Klokka 11.00 køyrde 83 deltakarar frå fem til 20 år mot den seksjonen (løypa) dei skulle byrja på. Heile 17 seksjonar var laga i området, nesten heilt frå dei sørlegaste husa i Havnavegen til Sponavigjå i sør.

Det braka og skralla rundt meg på alle kantar. Litt nordavind gjorde at naboane ikkje høyrde summinga. Det hadde ikkje gjort noko heller, ein lar seg fort sjarmera av unge, ivrige sjeler i sin iver etter å få vekta på rett plass i ulike situasjonar rundt om i traséane.

Deltakarar over mini-klassen måtte også passa seg for ikkje å få prikkar (fot nedi bakken, rulling tilbake eller motorstopp). Desse køyrde sju løyper kvar tre gonger, altså 21 rundar til saman i løpet av fire timar.



Ellen Johannessen

**Klippekort**
Etter kvar runde i seksjonen fekk alle trialkøyrarane eit klipp. Ein av klipparane var Marius Sunde, med eine trial-armen i gips. Det hadde gått galt på treninga tre dagar før. Han kunne tenkt seg KM på heimebane på ein annan måte, men gjorde, som dei andre klipparane, ein kjempejobb i solsteika i fire timar.

Dette fekk Nordsjøarbeidar Nils Bjørn Nilsen merka godt.
- Nå har eg hatt hjelm på meg i ein mnd. og så rett ut i dette, sa han smilande med eine handa på ein sviande skalle.

**Dommarar** høyrde også med ute i banane. Desse



Joakim Skjelde

gjekk og vassa i lyngen eller hoppa på steinane med eine handa i véret og eit konstant blikk på køyrarane. Dei kan vera glade for at dei slapp å sjå seg føre for huggorm, for den var nok blitt skikkeleg skremd av dei smellande timane.

Leif Hansen har representert Bokn som dommar på KM før. På heimebane var han sjølvsagt på plass igjen, nesten heilt nede med sjøkanten.
- Det er jo så kjekt, mann, kom det kjapt frå ein som var dommar i ein krevande trasé (sjå bildet på forsida).

Domma-



**Vilhelm Våge (på sykkelen) har fått eit klipp av Marius Sunde (med arm i gips), etter ein runde i løypa.**

**Glenn Riber (tv) er ein av dei som nyleg har begynt å trena trial i Bokn.**



**Martin Trosnavåg i aksjon.**



**Yngstemann på stevne, fem år gamle Espen Sørbø Stamnes, har fått pokalen sin. Sverre Trosnavåg th.**

rane har minst eit to-timars kurs bak seg. 10 av 14 dommarar var frå Bokn. Flott innsats av samtlege!

- Sulande god lapskaus!
Orda kom frå Hege Sunde, ein av mange boknarar som koste seg i godvéret og som lot seg imponera av halsbrekkande moment, spesielt frå køyrarane i A- og Trim-klassen. Boknauttrykk? Eg, og fleire med meg, hadde ikkje høyrt det før. I alle fall; laupskausen frå Arsvågen var kjempegod!
Det var stort sett kø foran kioskbua, som var sponsa av Hennig-Olsen. Is og brus gjekk også naturlegvis unna i sommarvarmen.



**Sander Jøsang**

- Ta bilde av meg då!
Fem år gamle Espen Sørbø Stamnes frå Haugesund, yngste trialkøyrar på sitt første KM, stod foran eit imponerande premiebord og venta på pokalen sin. Han gav uttrykk for at han hadde kost seg.

**Skryt**
Og det gjorde nok dei fleste, i alle fall dei så slapp unna obligatoriske køyredressar denne varme junidagen.



**Ingunn Grønnestad (tv) og Gina Grønnestad Johannessen og den sulande gode lapskausen.**



**Klippar Nils Bjørn Nilsen hadde ein brennande varm firetimarstørn.**

- Me har aldri kjørt trial på så fine plass før, fekk eg høyra av ein familie, på veg frå ein seksjon til ein annan.
Det mangla ikkje på skryt til arrangøren. Eg kunne spørra kven som helst. Her var forberedingane på topp.
På Karmøy trialklubb sine nettsider heiter det at stevnet blei arrangert "på en glimrende måte".

Inne i sekretariatet sat Olav Alvestad og Åse Bratthammer og fekk opplysningane inn på data, etterkvart som dei kom inn. Idrettslagsleiar Per Helge Sunde var også med i ekspedisjonen. Opplæring hadde han fått på eit KM på Karmøy. Og nettopp to damer frå Karmøy Trialklubb hjalp til under dette KM.
Per Helge fortel at rundt 45 frå BIL var med på å dra dette i havn.

Sjefsmotorane Ragnhild og Artur Trosnavåg var litt overalt. Ragnhild hadde vore på stevneleiarkurs og Artur på teknisk kontrollant-kurs. Det verka som om eldsjelene, som fekk fortente blomar av Per Helge etter premieutdelinga, hadde full kontroll heile tida. Avslappa smil undervegs kunne tyda på det.

**Nøgde**
- Overdommaren skriv i saman



**Harald Trosnavåg**



**Her er Tor Bjørnar Knudsen (16) frå Forsand på veg ned det brattaste henget på stevnet. Her var det publikum heile dagen som lot seg imponera av konsentrasjonskrevande og actionfull balansekunst.**

**Ein overraska Marius Sunde fekk trøstepremie, her foran eit enkelt og genialt Sykkelstativ.**





draget av rapporten om eit "meget bra stevne", stadfestar Ragnhild fornøgd.

- Eg satsar på at me får KM neste år også, skyt Artur inn.

Det får me håpa. Eg trur mange fekk seg ei positiv a-ha-oppleving, og fleire nyfikne vil nok koma neste år. Så kan me også håpa at lokalitetene etterkvart blir så gode at Bokn får lov å arrangera Norgescup i trial. Denne store hendinga bør setta fart i diskusjonen omkring "Pluggen" og eigna trialområde. For på industriområdet i Knarholmen er dei vel berre på nåde, eller…

Kommunen får positiv fokus og blir sett på kartet ved slike suksessar som dette. Dessutan har Bokn eit godt trialmiljø og har køyrarar som hevdar seg heilt i toppen, noko andreplassane til Martin og Harald Trosnavåg (i sine klassar) er eit døme på.

Dei andre seks frå Bokn som hadde full innsats var Vilhelm Våge, Ellen G. Johannessen, Sander K. Jøsang, Bjørn Ove D. Jøsang og sjuåringane Joakim Skjelde og Sverre Trosnavåg.

Folk frå Kopervik Røde Kors kunne melda om at ingen var blitt skada på arrangementet. BIL viste oss nok ein gong at store idrettsarrangement (ca. 250 i Knarholmen) ikkje er problem å arrangera. Kr. 16.000 i pluss er verdt å merka seg. Nå ventar eg berre på fotballturneringa "Boknacupen".

Komplett resultatliste kan dei med internett finna på Karmøy Trial Klubb si nettside:

**www.helganes.com/trial/**



**Ståle Trosnavåg (tv) og Steinar Alvestad var blant dei som stod lenge og lot seg imponera.**

# Interessant temakveld i Bokn Næringsforum

**Reidar Alvestad**

**Distriktsrepresentant Lidvin Larsen i firmaet Novasol redda på ein måte kvelden for nærings-forumet den 23.mai, og dei rundt 20 frammøtte då firmaet på kort varsel steppa inn for Dan Senter som hadde meldt forfall i siste liten.**



**Lidvin Larsen i Novasol orienterer om utleigenæringa og syner fram firmaet sin katalog.**

## Tilleggsnæring

Etter kvart er det ein god del hytteeigarar også i Bokn som leiger ut hytter eller hus til ferierande. Det er nok tyskarar som er den dominerande gruppa av leige-takarar, og fisking er nok hovudinteressa deira.

Nokre leiger kanskje ut heilt privat utan å gå gjennom eit utleigefirma, men skal ein få skikkeleg utnytting av hytta over ein lengre sesong, er nok det beste å koma seg inn i ein utleigekatalog, og ikkje minst på utlei-gefirmaet sine nettsider.

Lidvin Larsen sa at heile 55% av utleigeverksemda gjekk over internett. Han meinte at det difor var viktig at utleigeselskapet sørga for at dei raskt "poppa" opp på første side når folk søkte etter utleige på nettet.

## Attraktivt område

Lidvin Larsen sa at Bokn og vårt distrikt generelt var eit område som var ganske attraktivt for hytteutleige. Turistane spør etter natur, fjord, vatn, fjell og fiske. At det er muleg å fiska er også veldig viktig. At det er attraksjonar og stader som er turistmagnetar i rimeleg avstand, er også bra. Det er også positivt om det er byar eller tettstader i området. Og dei fleste av desse fordelene finst her.

## Utstyr og standard

Bilder av utleigeobjekta betyr veldig mykje, og plasse-ringa er viktig. Utleigeselskapa har utleigeobjekt i ulike storleikar og standard, og produktet må alltid svara til det ein har lova. Leigaren skal få det produktet han har betalt for og forventar.

Den mest aktuelle storleiken er at det finst soveplass for 6—8 personar, kanskje med 2 foreldresoverom og 2 andre. Normalt skal oppvaskmaskin, vaskemaskin og parabol vera standard, men det er også dei som greier seg med mindre. Andre vil kanskje ha boblebad og meir luksus. Det heile er snakk om standard i forhold til pris.



**Eit interessert publikum stilte mange spørsmål til Lid-vin Larsen Larsen.**

## Lite svinn

Erfaringa er at lite forsvinn frå hyttene.
Elles er det mest vanleg at båtleige kjem utanom utleigeprisen, men dette kan variera. Dei som er heldi-ge, kan ha ein utleigesesong pr. år på inntil 30 veker.

## Haugaland Vekst

Rådgjevar Anne Vigdis E. Eie i Haugaland Vekst orien-terte om kva næringsavdelinga her kunne bistå med når det gjaldt rådgjeving i forhold til næringsverk-semd. Ho nemnde også hytteutleige som tilleggs-næring, og dei ringverknadene det kan gi ein kommu-ne som t.d. arbeidsoppdrag for andre bedrifter, tenesteyting, auka handel mv.

## Oppdrag frå kommunen

Rådmann Jan Erik Nygaard orienterte til slutt om korleis bedrifter og andre kunne få oppdrag frå kommunen. Alle innkjøp mv. i det offentlege er styrt av eit regelverk som blir overvaka av ESA. Grunnen til dette er at det skal vera marknadsandel for alle til offentlege oppdrag både i Norge og Europa.

På Haugalandet er det eit samarbeid kor kommunane har ei felles innkjøpsordning. I Bokn kommune er det fleire større arbeid som har vore avertert, t.d. Vass-forsyning på Austre Bokn, utbygging av Bokn skule og byggefelt. Det skal ganske god grunngjeving til for å fråvika lågaste tilbodspris. I desse sakene er det viktig at lokale bedrifter held seg oppjustert i forhold til kva reglar som gjeld.

# Amerikanar fann røtene sine på Bokn

Reidar Alvestad

**I forrige Bygdablad etterlyste Bonnie og Daryl Wunrow slektningar i Bokn. Dei ville møta nokre av dei på Arsvågen den 19. mai. For Bonnie vart dette ei kjenslelada oppleving som ho sette umåteleg stor pris på.**



**På kafeen på Arsvågen. Her sit fremst frå v.: Daryl og Bonnie Wunrow og Unni W.W. Høyvik. Bak frå v.: Lillian Våga, Laurits Våge, Bjarne Våga, Tor Alvestad, Solveig Kro, Torhild Alvestad, Astrid Våge, Erna Aksdal, Solveig Ellingsen, Møyfrid Vatnaland. Artikkelforfattaren og Laila Aksdal Jensen var til stades, men ikkje på bildet.**

**Begge har aner i Norge**

Ekteparet Wunrow er begge etterkomarar etter nordmenn som flytta til USA. Men det er berre Bonnie som har aner i Bokn, nemleg Sesilie Elisabeth Torgilsson. Ho vart gift med Daniel Jacobsson frå Egersunds-kanten, og dei flytte til USA.



**Bonnie framføre det som vel har vore eldhuset på garden tippoldefar hennar kom frå i Søra Våga. Sjølve gardshuset vart rive for ikkje så lenge sidan. Til høgre står Tor Alvestad.**

Dei er Bonnies oldeforeldre. Då Bonnie og Daryl var i Norge i mai, vitja dei slekt både i Bokn og på Egersundskanten. Vidare var dei innom Daryls familie på Sørlandet og Austlandet. I tillegg til dette var dei nokre dagar hos vener på Giske ved Ålesund. Dei var også innom typiske turiststader som Sognefjorden, Flåmsbana, Bergen, Oslo osv.

**Opplevingar i Bokn**

Dei ga uttrykk for at dei sette stor pris på opplevingane i Bokn. Dei var innom kyrkjegarden og fann grava til Asbjørn Torgilsson og Ellen Margrete. Asbjørn var bror til Bonnie si oldemor.

Vidare var dei og såg tufter og hus etter tippoldeforeldra Torgils Olsson og Laurentse Bendiksine Asbjørnsdotter som begge kom frå Søra Våga, og seinare budde nokre år i Strandavika og til slutt på Alvestad.

Amerikanarane vart ogdå vist rundt i Alvestadkroken kor tippodefaren til Bonnie skal ha drive handel i ein del år, og gardane på Alvestad kor sønene hans Asbjørn og Ola hadde gardar.

**Bygdabok**

Røtene til Bokn har dei delvis funne via internett og Norsk Utvandrersenter i Stavanger. Likevel ynskte Bonnie seg bind



**Bonnie Wunram kjøper bind 1 av bygdaboka av Annette Bokneberg i Servicetorget.**

1 av Bokn si eiga bygdabok kor både slekta frå Våga og Alvestad er med. Ho var også spesielt interessert i bunader frå Rogaland, og då dei var i Stavanger, kjøpte ho seg eit sjal tilhøyrande "Bokn" modellen av Rogalandsbunaden med påteikna mønster. Ho hadde folk i USA som skulle brodera mønsteret på sjalet. Sjalet ville ho henga opp til pynt ein stad i huset.

# Storstilt opning av ballbinge

Jardar Havikbotn

**8. juni opna Havnavegen Vel ballbingen sin med fotballcup, grill– og sjørøvarfest.**

Tida flyr, også i Havnavegen. Ballbingen blei tatt i bruk allerede i fjor, men ein lang vinter og ein kald vår har utsett den offisielle opninga.






Godt oppmøte då ballbingen blei offisielt opna.

Bingen har allerede gleda mange, både fastbuande i Havnavegen, andre boknarar samt hytte– og feriefolk, i tråd med intensjonen for eit nærmiljøanlegg; ein plass for eigenorganisert aktivitet.

Over 40 stk. var vitne til at underteikna, som leiar av ballbingekomitéen, fekk æra av å uttrykka glede over at ein enorm dugnadsmobilisering har laga ein ballbinge som vil stå som motivasjon og døme for andre ballbingar i Bokn, før eg klipte av snora med ei hekksaks.

Styremedlem Onar Alvestad organiserte fotballkampar med både born og vaksne på laga, noko som var svært populært. Mange var påmelde og det kom også ein del ungar frå andre stader i kommunen, som sjølvsagt også fekk ta del i leiken.

Kondisen og antal svetteperler i fjeset, spesielt hos dei vaksne, varierte mykje. Fleire sette nok stor pris på at det berre var 5 min. pr. omgang.



Ballbingen er også smakfull!

**Kaptein Snabelsand**

Enkelte små piratar luska rundt i området og minna oss om grill– og sjørøvarfesten på leikeplassen. Det var tre år sidan sist sjølvaste Kaptein Snabelsand, syskenbornet til den meir kjende Kaptein Sabeltann, var på skattejakt i Havnavegen. Men plutseleg kom han ut av garasjen til Arild Ognøy, omgitt av enorme røykmengder (i kontrollerte former), som lett konkurrerte vekk den godluktande grillrøyken på leikeplassen. Til og med bilane på E39 sakka farten for å sjå kva dette var.

Med hjelp av ein skokk med ungar fann den store sjørøvaren (Armand Svendsen) skatten, som merkeleg nok berre inneheldt godteri. Sikker suksess!

**Meir dugnad**

Området rundt ballbingen skal bli finare. M.a. påfull/planering av pukk og grus, tribune mot vest og innkjøp av div. praktisk driftsutstyr står på dugnadsplanen. Volleyballutstyr og sperrenett er allerede kjøpt inn, og fleire ballaktivitetar blir nok tatt i bruk i sommar.

Sperrenettet skal hindra/redusera at dei næraste naboane skal blir plaga av hyppig ballbesøk, og ein vil prioritera å få opp dette.

Ein del av ekstrautstyret får ein spelemidlar til, og me reknar med å få støtte her.



**Armand Svendsen gjorde stor lykke som Kaptein Snabelsand.**

Litt trearbeid på sjølve bingen gjenstår også.

**Finansiering**
Den store dugnadsinnsatsen førte til at velforeninga berre trengte å søka kommunen om kr. 30.000 (i planane var denne summen kr. 100.000)

**Totalkostnadene, før innkjøp av ekstrautstyr, på kr. 455.000 blei finansiert slik**:

| | |
|---|---|
| Spelemidlar | kr. 200.000 |
| Dugnad | kr. 150.000 |
| Kontantinntekter | kr. 55.000 |
| Gåver, rabattar | kr. 50.000 |
| Samla finansiering | kr. 455.000 |

I kontantinntekter ligg kr. 25.000 i eigenkapital i tillegg til den kommunale støtta.

I gåver, rabattar ligg kr. 40.000 i samla rabattar frå Bokn Bygg, Sport Surface og Statoil samt kr. 5.000 kvar i sponsormidlar frå Bokn Plast og Grieg Seafood.

**Realiseringsnøkkelen**
Denne skjuler seg bak ordet **dugnad**. I alle byggefasane har me hatt dugnad, men det er i sjølve trearbeidet og ikkje minst grunnarbeidet verdien har vore størst.
Roy Olsen har utført gravemaskinarbeid og vore leiar for drenering, avretting og oppmåling. Kjell Olav Skjelde har vore leiar for ringmur og lysfundament, Onar Alvestad for det elektriske og Arild Nilssen for trearbeidet.

Sistnemde har også vore med i ballbingekomiteen, saman med June Grønnestad, Helge Kristian Nilssen og underteikna.

Takk til alle firma for sponsormidlar og godt samarbeid, og til alle bebuarar i Havnavegen (og andre boknarar som har bidratt) som har vore med på dugnadsarbeid.
Eit stort mål er nådd!



**FORNØGDE FOTBALLSPELARAR: Fv. Kristoffer Nilssen, Marianne Sunde, Renate Eide, Lisbeth Skjelde, Martine Alvestad, Annelin Eide, Ida Havikbotn og Kaj Raymond Mikkelsen etter at kampane var unnagjort.**
**Kristian Nilssen, Konrad Nilssen, Jone Hognaland og Simen Havikbotn var ikkje til stades då bildet blei tatt. Dei tre sistnemnde skulle på skulen og spela fotballkamp.**

### Ballbinge i Føresvik nærmiljøanlegg

Under fordelinga av spelemidlane 2006 den 6. juni løyvde Fylkesutvalget kr. 200.000 til ballbinge ved klubbhuset til Bokn idrettslag. Etter planen skal då Bokn få binge nr. to innan juni 2008. Me satsar på "Gjør det selv-bingen" også her, ut i frå alle signala om dugnadsmobilisering.

**Skytebane på vent**
Fylkesutvalget vedtok også at Bokn skyttarlag sitt skytebaneprosjekt i Tverrdalen fortsatt må venta på midlar. Slike ordinære anlegg har ikkje same prioritet, og for tredje året på rad får dei beskjed om at dei fortsatt står på venteliste.

Men underteikna forstår det slik på idrettskonsulent i Rogaland fylkeskommune, Hans Olav Sandvoll, at anlegget vil få støtte, og at Skyttarlaget ikkje må gi opp, men sjå fram mot dette.



# Vegnavn og husnummer i Bokn

Utdrag fra deler av saksfremlegget som ble lagt frem på møtet i formannskapet den 25.04.06

Unni W W Høivik

**Bokn kommune gjennomførte i 2001 en sak om tildeling av vegnavn i kommunen. Nå skal saken tas et skritt videre.**

Nyetablerte veger skal få navn, og noen av vegparsellene må endres og det skal i tillegg tildeles husnr.
Alle eiendommer som brukes til boligformål, fritidsformål, næringsvirksomhet, offentlig virksomhet og annen virksomhet som tjener et større publikum så langt det er hensiktsmessig (delingsloven forskrifter kap 15.4) skal ha husnr.

Det er viktig å her presisere at vegnavn og husnr. ikke er til for den enkelte innbygger, de vet hvor de bor, men for de som skal finne frem, enten det gjelder postvesenet, ambulanse, brann, budfirma og andre.

Navnet på adresseparsellen/vegparsellen spiller en sentral rolle ved adressetildelingen. Det er navnet som er det konkrete, synlige uttrykket for adressen. Navnet vil bli stående i generasjoner fremover og representerer og viktige språklige og kulturelle verdier.

Det er således flere hensyn å ta når en skal fastsette adressenavn. De skal fylle visse funksjonelle, formelle og estetiske krav, samtidig som de skal gli naturlig inn i det lokale navnemiljøet.

Parsellinndelingen er nå gjort og hver adresseenhet (boligformål, fritidsformål, næringsvirksomhet, offentlig virksomhet og annen virksomhet) har fått husnr. Ettersom de fleste som i dag skal til Bokn, svinger av E39 ved Knarholmen, har rådmannen lagt opp til at en starter tildeling av nr. når en har svinget av hovedveien og står med "ryggen til E39", og at en ut i fra det ser for seg at vegene forgreiner seg. Tidligere ville det vært naturlig å tatt Føresvik som utgangspunkt, men ettersom ferja ikke går lenger, så kommer hovedtyngden av trafikk til Bokn via E39.

**Oddetall til høyre, og partall til venstre**
Disse husnr har blitt tildelt etter en standard som står i Hanbok i kommunal adressetildeling. For tildeling av husnr i en veg, starter en med oddetall til høyre, og partall til venstre og tildeler fortløpende. For tildeling av adresser i områder (mye brukt i hyttefelt) blir nr tildelt fortløpende.
Tildeling av husnr har blitt foretatt med støtte fra Statens kartverk.

**Årsaken til strukturendringen**
Årsaken til at rådmannen ønsker å endre strukturen på vegnavn fra 2001 er at Statens kartverk har kommet med faglig råd om at en generelt bør kutte ut egne vegnavn på veier med mindre enn 10 enheter som skal adresseres, for å gjøre det lettere å finne frem, samt unngå en jungel av henvisningsskilt på hovedvegene.

Men det er opp til kommunen selv å avgjøre hvor vegparsellene skal gå. Det kan nevnes at Rennesøy har hatt det samme problemet som Bokn, med at vegnavn ble tildelt først, og at en senere måtte forandre på parseller for å få det hensiktsmessig for dem som skal finne frem. De gjennomførte tildeling av husnr. i 2003.

Rådmannen har i sitt forslag til nye parseller lagt vekt på at veger som i dag innholder mindre enn 10 enheter, skal inngå som en del av hovedvegen. For eksempel så har rådmannen foreslått at Vågshaugveien med bare noen få enheter, blir en del av Arsvegen.



Foto: JH

**De nye parsellene:**
De nye parsellene er uthevet med fet skrift:

1. **Arsvegen**. Følgende veger utgår som eget vegnavn:
- Vågshaugvegen.

2. **Laupland hytteområde**.

3. **Lodenvegen**. Følgende veger utgår som eget vegnavn:
- Vatnalandsvegen
- Hålandsvegen
- Dagslandvegen
- Sunnalandsvegen
- Jøsenvegen
- (Bakkjen hyttefelt, Nina Søndelands hyttefelt Sunnalandsstraumen blir en den av Lodenvegen)

4. **"Sunnalandstraumen Sør hytteområde"**. Tidligere Trygve Jøsang sitt hyttefelt.

5. **Hognalandsvegen** beholdes uendret.

6. **Hognaland hytteområde**

7. **Jøsenvågvegen** beholdes uendret.

8. **Dalhamn hytteområde**.

9. **Grønnestadvegen.** Følgende veger utgår som eget vegnavn:
- Boknabergsvegen
- Torlandvegen

10. **Alvestadkroken**. Følgende veger utgår som eget vegnavn:
- Bakkjen

11. **Borgenvik hytteområde**

12. **Kyrkjebakken**. Følgende veger utgår som eget vegnavn:
– Klokkarvegen.

13. **Føresvikvegen**. Følgende veger utgår som eget vegnavn:
- Snarvegen

14. **Driftavegen** beholdes uendret (planlagt nye boligområder).

15. **Havnavegen**. Følgende veger utgår som eget vegnavn:
– Knarholmen.

16. **Boknatunvegen**. Følgende veger utgår som eget vegnavn:
- Stølsvegen
- Lyngvegen frem til krysset med Stabbursvegen. Også vegen bort til gamle trygdeboliger og nytt boligfelt ovenfor Boknatun inngår i Boknatunvegen.

17. **Leirgrovvegen.** Følgende veger utgår som eget vegnavn:
– Stabbursvegen
– Lyngvegen fra krysset med Stabbursvegen og til endes.

18. **Vågavegen.** Avkjøring E39 på Austre Bokn. Følgende veger utgår som eget vegnavn:
- Strandavik
- Heia Boligfelt (nytt)
- Nordre Våga.

19. **Øyrenvegen.** Øyrenfeltet gis nytt navn.

20. **Krovegen**. Følgende veger utgår som eget vegnavn:
- Øvrebøvågen
- Krovågen

21. **Ognøyvegen** beholdes uendret.

22. **Fyrvegen** beholdes uendret.

**Reglement/retningslinjer**
I tillegg ble det vedtatt reglement for adressetildeling:

*I medhold av Delingsloven § 4-1 og forskriftenes kapittel 15.*

***1. ADRESSEMYNDIGHET***
*1.1 Tildeling av adresseparseller og husnr. delegeres rådmannen.*

***2. NYE ADRESSENAVN***
*2.1 Nye adressenavn godkjennes av forvaltningsstyret.*

***3. REGLER FOR TILDELING AV ADRESSENUMMER***
*3.1 Nummerering starter vanligvis fra Riksvegen og stiger utover mot kommunegrensen.*

*3.2 Adresseenhetene gis adressenr fortløpende, med like nummer på venstre side (partall) og ulike nr (oddetall) på høyre side. Det holdes av nummer til evt. fortetting av hus/eiendommer.*

*3.3 Utenfor tettbebyggelse blir adressene tildelt etter avstandsprinsippet (10 m = nr. 1, 100 m= nr. 10 osv.) Mindre adkomstveger gis ikke eget navn. I slike tilfeller blir husene tildelt fortløpende nummer til tilliggende veg.*

*3.4 I område med fritidsbebyggelse som ikke har direkte adkomst fra veg, benyttes områdenummerering. Nummer gis fortløpende i sirkel, med urviseren. Enkeltstående fritidsbebyggelse som ikkje ligger inntil veg, blir tildelt nr der de vanligvis har adkomst til vei.*

***4. PLIKT TIL Å SETTE OPP SKILT***
*4.1 Enhver grunneier, fester, eller bygningseier har plikt til å bekoste, sette opp, og vedlikeholde nummerskilt med det/de adressenummer som tildeles av kommunen. Det gjelder også henvisningsskilt til eiendommen.*

***5. SKILTETS PLASSERING***
*5.1 Adressenummerskilt og tilleggsskilt skal plasseres slik at det er tydelig hvilken eigedom de knytter seg til. Skiltene skal være lett synlig fra den vei de hører til, og holdes hele og rene med tydelige tall og bokstaver. Samtidig skal skiltene plasseres slik at de er lesbare i mørket*

*5.2 Har bygningen inngangsdør eller portåpning umiddelbart til fortau eller veikant, skal skiltene som regel plasseres like til høyre for døren eller porten, sett frå veg, i ca 2,5 m høyde.*

*5.3 Er det vanskelig å se bygningen og/eller adressenummerskilt fra vegen, skal nummerskilt også settes opp på port eller særskilt stolpe i gjerdelinjen, til høyre for innkjørselen. Kommunen har ansvar for å sette opp felles skilt med henvisning til adressenumre der stikkveger tar av frå vegen som nummerene hører til. I område med fritidsbebyggelse som ikke har direkte adkomst fra veg, skal det settes opp henvisningsskilt på hovedparkeringsplassen.*

***6. SKILTENES MATERIALE OG UTFØRELSE***
*6.1 Adressenummerskilt og tilleggsskilt skal være av aluminium eller annet rustfritt materiale.*

*6.2 Skiltene skal ha svarte tall på hvit botn, teksthøyde på 105 mm, og skilthøyde 150 mm.*

***7. FORSKJELLIGE BESTEMMELSER***
*7.1 Adressemyndigheten, eller den han bemyndiger, skal føre kontroll med at ovenstående regler blir fulgt, og gi nødvendige pålegg.*

*7.2 Pålegg som ikke imøtekommes, kan myndigheten la utføre for eierens/festerens bekostning.*

***8. IKRAFTTREDEN***
*8.1 Disse bestemmelser trer i kraft når de er vedtatt av kommunestyret.*

**Hva skjer videre i saken:**
Planen er at i løpet av sommeren vil hver enkelt hustand få brev i posten om sitt nye husnr. Utsendelsen kan variere, da det på enkelte områder er opprettet nye navn som må godkjennes av Stadnamnkonsulenten på vestlandet. I hovedsak gjelder dette følgende områder:
- Boligfeltet på Øyren
- Hyttefeltene Laupland, Sunnaland, Hognaland, Dalhamn og Borgenvik.

Disse vil sannsynligvis ikke får noe brev før til høsten.

**Klagefrist:**
I denne saken har hver enkelt en klagefrist på 3 uker når de mottar brev fra kommunen, men det gjelder kun på hvor en har avkjørselen, og ikke vegnavnet, eller selve husnummeret.

**Spørsmål?**
Dersom noen har spørsmål kan de ta kontakt med meg på tlf. 52 75 25 06.

## PDF-nedlasting og annonsering i nettutgåva

Pdf-filer (Portable Document Format), som er laga for å distrubuera elektroniske dokument, blir meir og meir vanlege for webpublikummet.

Denne moderne og elektroniske måten å lesa og oppbevara bladene på er eit tilbod til alle med datamaskin, og ekstra fint for boknarar i utlandet og dei som er nøgde med å lesa Bygdabladet på Verdsveven.

Som det blei varsla tidlegare i vår så inneheld ikkje nettutgåva like mykje frå papirutgåva som før, og mange artiklar vil aldri koma på Bygdabladet.no. Derfor har me laga denne tenesta, som m.a. vil tilby lesarane alle bildene i fargar i glimrande kvalitet.

**Korleis?**
Klikk deg inn på Last ned Bygdabladet i venstremenyen, eller gå via sidebanneret PDF-utgåve i høgremenyen. Du får tilsendt brukarnamn og passord når du klikkar på Bestill her. Så fyller du ut og sender inn skjemaet på vanleg måte. **I august vil denne tenesta vera gratis, slik at folk kan finna ut om dette er noko for dei.**

**Rubrikkannonser**
Mange er ikkje klar over kor enkelt det er å annonsera på Bygdabladet.no. Ved å gå inn på Annonser i venstremenyen eller høgre toppbanner lagar du di eiga annonse.

Annonsa kostar kun kr. 50,- + moms for ein månad og kan innehalda ubegrensa med tekst. Du kan ha med eitt bilde.

Annonsa blir, etter godkjenning, lagt ut frå den datoen som blir oppgitt. Eitt innrykk vil seia ein månad. Dersom du ikkje vil/treng å ha ho ute så lenge, gir du beskjed ved å oppgi dette under Til dato:, eller ved å ta kontakt seinare i perioden.

**- redaktøren -**

# Sommartur

Julianne Nilssen

6. juni reiste brukarane av Dagsenteret på sin årlige sommartur.

Etter basar i vår hadde me pengar som me ville bruka for å glede m.a. dei som bur på sjukestova, så me inviterte dei me oss på tur. Tre spreke bebuerar blei med og me hadde ein koseleg dag i lag.

Med stor taxi kjørte me til Historiesenteret på Avaldsnes. Her blei me møtt av ein hyggelige guide. Ho fortalde historien om Avaldsnes og viste oss rundt på senteret. Me såg film der Harald Hårfagre sjølv fortalde si historie. Eit flott moderne senter, godt tilrettelagt for oss.

Neste stopp var Aksdal Veikro. Her og fekk me god service og god komla.

Til slutt var det tid til litt handel på Aksdalsenteret, før me vende nasen heimover igjen.




# Turtips: Blomstølen

Karen (10), Gabriel(8) og Ingrid(7) Hetland
(og Kari Hetland)

**Haugesunds Turistforenings hytte til Blomstølen gir fine naturopplevelser for liten og stor.**

Det er 10 mil å kjøre fra vi startet fra Bokn til gården "Øynå" i Etne.
Herfra gikk turen til fots i bratt stigning oppover mot Turistforeningens hytte, Blomstølen.

Vi bar sekkene våre selv som inneholdt sovepose + 1 flaske cola. Det regnet litt da vi startet. På turen oppover traff vi to damer som kom ifra Blomstølen. De kunne fortelle at de hadde sovet i gamlehytta og at det nå var bygget en ny hytte ved siden av.

Det var tungt å gå oppover og vi var slitne i de bratteste stigningene. Vi passerte flere trær som var vridd og bøyd av været. Regnet økte på etterhvert, men etter 3 timer var vi framme.


Nyhytta på Blomstølen.

Da vi kom fram laget pappa og storesøster Christina middag, som vi kjøpte fra lageret på Blomstølen. Det var kjøttboller og ris. Vannet måtte vi koke for det var ikke strøm. Maten smakte godt etter den litt bratte turen oppover.

Etter middag var vi ute og lekte. Vi laget varder av stein vi fant. Et stykke fra hytta var det litt snø. Det var merkelig å se snø i mai måned, men Blomstølen ligger så høyt at snøen ligger lenger her.
Hytta var stor og fin med blått kjøkken og fire soverom med mange sengeplasser. Det var godt å legge seg om kvelden og vi sovnet fort.


Ut på tur - aldri sur.

Neste dag startet vi med frokost og kakao. Etterpå gikk vi ut og fortsatte byggingen av vardene. Før vi dro fra Blomstølen vasket vi golver og ryddet etter oss.

Turen nedover gikk raskere enn dagen før da vi gikk opp. Vi møtte mange turgåere som var på vei oppover til Blomstølen. Turistforeningen hadde fellestur fra Haugesund til Blomstølen denne søndagen. Vi hilste på hverandre på stien og noen av dem syntes at det var veldig fint her oppe.

Det var en kjekk tur til hytta selv om det var litt tungt å gå oppover med sekk. Drar vi til Blomstølen igjen, så ser vi kanskje vardene våre stå utenfor stuevinduet ved nyhytta til turistforeningen på Blomstølen.

Innmelding i Barnas turlag i **Haugesund turistforening** gir gratis overnatting for barn på hyttene. I tillegg arrangeres det spesielle turer tilrettelagt for barna.

**Gustav Folke Kjellesvik er død, 70 år gamal.**

Han var fødd i Haugesund og foreldra var Magda og Johan Kjellesvik. Han hadde to brødre. Gustav var den mellomste av dei tre gutane.

I Sjømannskyrkja i Rotterdam gifta han seg med Else Marie Kjellesvik, f. Gundersen, i 1958.

Gustav var stuert og reiste ut som 15 åring. Kokken var ofte lenge ute, opptil to år om gongen. Opplevingane var mange, m.a. Cubakrisa og internering i Suezkanalen i 1950-åra.

Gustav hadde også matlaging som hobby.
Han sleit mykje med fysiske plager etter å ha blitt påkøyrd som liten.

Han etterlet seg kone, tre barn og fem barnebarn.



**Solveig Søndeland er død, 87 år gamal.**

Ho var fødd i 1918 på Heimdal, Vestre Bokn og budde der til ho gifta seg i september 1945.

Foreldra var Helene og Peder Torland. Solveig var tvilling og dei var yngst av ein søskenflokk på 10.
Hennar tvillingbror Einar, døde ved ei ulykke berre 11 år gamal.
Ho var gift med Heine Søndeland, som døde i 1992.

Som den siste av ein stor søskenflokk hjalp ho til på garden til ho var 27år gammel. Da ho vart gift med Heine flytta ho ut til garden på Søndaland der dei saman dreiv gardsbruket.

I 1956 flytta dei innover til Føresvik der ho jobba på hermetikkfabrikken "Norena". Då denne fabrikken vart nedlagd på slutten av 60-tallet flytta ho tilbake til garden på Søndaland. Ho begynte da på bilferga "Skudenes" som trafikkerte mellom Skudeneshavn og Stavanger. Der jobba ho til ho vart pensjonist.

Den store interessa hennar var hagen og plantene.
Solveig og Heine sin store og lune hage på Søndaland var godt kjend, ikkje berre for alltid nyfriserte plenar og beplantning, men kanskje vel så mye for fridomen til aktivitet og utfoldelse som i generasjonar har prega livet "ner-i-hagen".
Om ein var på gjennomreise eller ikkje, eit besøk innom Solveig var obligatorisk, også for kjende utanom den næraste familie.

Solveig var gjestfri. Søndaland`s garden var alltid tilholdsplass for tilreisande slekt. Amerikabesøk var det ofte sidan ho hadde ei syster som budde der og Heine hadde fire.
Ho var svært glad i barn og likte at barn, barnebarn og oldebarn kom på besøk.

Solveig etterlet seg to barn, ti barnebarn og ti oldebarn.



## Arbeidsløysa går framleis ned

Ved utgangen av mai har arbeidsløysa gått ytterlegare ned i Bokn og Rogaland. I Bokn er nå den registrerte arbeidsløysa halvert på 5 mnd. Frå 6% ved nyttår til 3% ved utgangen av mai.

Dette betyr ein gjennomsnittleg nedgang på 0,6% pr. mnd. dei siste 5 månadene. I tal vil det seia ein nedgang frå 22 ved nyttår til 11 ved utgangen av mai.

I snitt har då talet på heilt arbeidsledige i Bokn gått ned med 2,2 personar pr. mnd. i denne perioden.

Det er framleis arbeid i gong for å få arbeidsløysa ytterlegare ned i kommunen.

RA



# Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

JULI
**16. Gudsteneste kl 19.00**
29.- 05.08 Speidarlandsleir på Røros

AUGUST
**05. Basar Normisjon, Bedehuset kl. 19.30**
**06. Gudsteneste kl. 11.00**
**10. Samemisjon, Bedehuset kl. 19.30**
**18. Kino i Auditoriet**
**20. Gudsteneste kl. 11.00**
**21. Skulestart, Bokn skule**
**24. Coop Bokn BA har ekstraordinært årsmøte kl. 19.00 i Allrommet, Boknatun**
**27. Speidaren sin dag. Ein viser til plakatar.**
**31. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30**

SEPTEMBER
**01. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps**
**01. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30**
**03. Gudsteneste kl. 11.00**
**10. Misjonsfest NMS, Bedehuset kl. 19.00**
**15. Kino i Auditoriet**
**16. Dans på skulen - arr. Bokn idrettslag**
**17. Gudsteneste kl. 19.00**
**18. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30**
**22. Bedehusbasar, Bedehuset kl. 19.30**
**24. ABR-senteret, Bedehuset kl. 19.30**
**28. Eldrefest på skulen - arr. Eldrerådet/Bokn pensjonistforening**

OKTOBER
**01. Gudsteneste kl. 11.00**
**01. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps**
**02. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30**
**04. Basar Indre Sjø., Bedehuset kl. 19.30**
**08. Sang & musikkmøte, Bedehuset kl. 15.00**
**Veke 41 Haustferie, Bokn skule. Bygget stengt for utleige og ferdsel.**
**13. Kino i Auditoriet**
**13. Israelsmisjonen, Bedehuset kl. 19.30**
**14. Seminar, Bokn brass - arr. Bokn musikkorps**
**15. Gudsteneste kl. 11.00**
**16. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30**
**19. Kontaktmøte på Bedehuset**
**21. Dans - arr. Bokn idrettslag**
**22. Normisjon, Bedehuset kl. 19.30**
**24. Fotballavslutning i gymsalen**
**26. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30**
**28. Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps**
**29. Gudsteneste kl. 11.00**
**30. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30**

NOVEMBER
**05. Gudsteneste kl. 11.00**
**07. Kulturkveld m/Pollestad på Bedehuset**
**10. Kino i Auditoriet**
**10. Basar ABR, Bedehuset kl. 19.00**
**11./12. Seminar, skulekorpset - arr. Bokn musikkorps**
**13. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30**
**17. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps**
**18. Seminar, Bokn brass - arr. Bokn musikkorps**
**19. Gudsteneste kl. 15.00**
**26. NMS, Bedehuset kl. 19.30**
**27. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30**
**30. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30**

DESEMBER
**03. Gudsteneste kl. 19.00**
**08. Kino i Auditoriet**
**10. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps**
**11. Me les Petersbrev, Bedehuset kl. 19.30**
**17. Gudsteneste kl. 11.00**
**17. Julefest, Bedehuset kl. 15.00**
**24. Gudsteneste kl. 14.00**
**26. Gudsteneste kl. 11.00**
**28. Juletrefest, Bedehuset kl. 19.00**
**31. Gudsteneste kl. 16.00**

## Frå formannskapsmøte 25. april

Sak 028/06 **Tildeling av nye vegnavn i Bokn kommune**
**Formannskapet vedtok:**
Reglement for tildeling av nye vegnavn i Bokn kommune blei vedtatt. Det blei vedtatt å opprette et namneutval med fylgjane medlemmer: Kleng Matias Våga og Helga Sandven Alvestad. Unni W.W. Høivik er sekretær.

Sak 029/06 **Ekstraløyving til kyrkja for 2006**
**Formannskapet vedtok:**
Det blei vedtatt at Bokn kyrkje får ei ekstra løyving på kr. 23.000,- for 2006. Beløpet vert dekka av reserverte løyvingar.

Sak 031/06 **Arbeidsledighet i Bokn**
**Formannskapet vedtok:** Det blei vedtatt å løyva kr. 100.000,- som kan nyttast i tiltak for å redusera arbeidsløysa i Bokn.
Ein forutset at tiltak skjer etter drøftingar med aktuelle fagforeningar og i samarbeid med aetat og trygdeetat.

Sak 032/06 **Kaiområdet med vei på gnr. 16 bnr. 3 – Vestre Arsvågen – eiendomsforhold**
**Formannskapet vedtok:**
Det er formannskapet sin oppfatning i sak 032/06 – kaiområdet med veg på gnr. 16 bnr. 3 – at ein her har uklare eigarforhold og ber administrasjonen kjøre ei sak for jordskifteretten for ein endelig avklaring.

## Frå formannskapsmøte 30. mai

Sak 035/06 **Bokn skule – tilbygg og ombygging**
**Formannskapet vedtok:** Det blei vedtatt fylgjande

1. Rådmannen får fullmakt til å inngå kontraktsforhandlingar med lågbydar "Bygg & Prosjektpartner AS".
2. Dersom kontraktsforhandlingane ikkje gir eit tilfredsstillande økonomisk og kvalitetsmessig resultat, kan rådmannen gå vidare på firmalista slik den er prioritert etter anbodssum.
3. Under føresetnad av at kontraktsforhandlingane blir sluttført innanfor den oppsette kostnadsramma, kan rådmannen starte opp og gjennomføre prosjektet.
4. Rådmannen får fullmakt til, innanfor budsjettramma på 1,3 mill, å kjøpe inn naudsynt inventar.

**Sak 037/06 Forslag om retningslinjer for bruksendring i Bokn kommune**
**Formannskapet vedtok**: Det blei vedtatt retningslinjer for bruksendring i Bokn kommune.

Sak 038/07 **FULLFØRING AV GRENSE - GNR. 11 BNR. 30.-EIER: BENTE HOPLAND- JORDSKIFTE**
**Formannskapet vedtok:**
Formannskapet går inn for at grenser og eiendomsrettigheter…til allmenningen mellom gnr.11 bnr.30 bnr. 252 , bnr. 36 og bnr. 197 skal legges fram for jordskifteretten.

Sak 039/06 **NÆRMILJØANLEGG VED BOKNASUNDET-REHABILITERING AV FOTBALL-LØKKE**
**Formannskapet vedtok:**
Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt.
Saka utsettes til neste møte. Det vert tatt kontakt med Idrettslaget for dialog med Bokn kommune.

Sak 040/06 HANDLINGSPLAN FOR TILTAK PÅ KOMMUNALE VEGER-2006-2009-
**Formannskapet vedtok:** Formannskapet vedtok å utsette saka til neste møte. Vedlikehaldsplanen må omfatta både veg- og bygningsmessig vedlikehald.

Sak 041/06 **KULTURMIDLAR 2006**
**Formannskapet vedtok:** Formannskapet vedtok fordeling av kulturmidler for 2006. **Sjå s. 2**

**(Framhald s. 17)**

# Museumsbesøk frå Zimbabve

Reidar Alvestad

**Leiar i Madla historielag, Per Olav Tveita, var 23. mai i Bokn for å visa ein gjest frå Lozikeyi historielag i Zimbabve Bokn bygdemuseum.**

**Flott lokalt museum**
Madla historielag har eit nært samarbeid med Lozikeyi historielag i Matabeland, Zimbabve, og Martin Thebe og kona Perpetua var gjester i Madla historielag frå 14. til 28. mai i år. Saman med leiar i Madla historielag, Per Olav Tveita, kom Martin til Bokn den 23. mai for å sjå korleis museet var oppbygd på ein mindre stad. Han håpa at dette kunne gi Martin idéar om korleis ein kan legga opp eit mindre museum på heimstaden hans.



**T.v. leiar i Madla historielag Per Olav Tveita og Martin Thebe i Bokn bygdemuseum.**



**Martin Thebe i kjøkkenavdelinga.**

Martin var imponert over kor mange gjenstandar det var samla inn i Bokn, og variasjonen over dei mange tinga som er katalogiserte og plasserte omkring i museet. Besøket var i grunnen midt i blinken for å få nye idéar, og det var eit passe stort å sjå innom.

**Nytt museum i Matabeland i Zimbabve**
Det er gitt ei gåve frå NORAD på kr. 30.000,- til eit lokalt museum i Matabeland. Pengane skal brukast til å setja opp nytt museum. Det vil vidare bli arbeidd med å samla inn museumsgjenstandar, og få sett dei fram i museet.

Midlane er gitt med eit føremål å samla folk til ei felles oppgåve som kan gi dei noko felles og identitetsfremjande som dei kan vera stolte av. Det blir sett opp eit bygg som er ovalt med stråtak, og arbeidet blir gjort på dugnad. Sement til grunnarbeid og mur må kjøpast, det same må stråtaket.

Når alt er ferdig bygd, skal dei samla inn ting som t.d. drakter frå festantrekk, medisinmann-drakter, reiskapar, jordbruksutstyr, skinnfellar frå ville dyr, spyd og ting frå misjonstida. Fellesnamnaren er identitet for dei ulike stammene som skal vera med å samla dei meir enn tilfellet er i dag.

## Ein St.-Hans av dei heller sjeldne

May Jorunn Vatnaland

Fredag 23. juni var det stor St.-Hans feiring i regi av speidaren og Bokn båtforening. Nytt av året var at nærmiljøanlegget på Fyren var møteplassen.

Her var laga til et STORT bål, som det hadde vorte enkelt å få kvitta seg med brennbar materiale til. Her slapp me å bera bålet på plass.

Endeleg fekk ungene kjøra speidarkarusell og prøva taubanen som det ikkje blei vér til på 17.mai.
Grillane var i bruk heile tia, og folk såg ut til å kosa seg.
Tenk at me fekk fint vér, det var visstnok fem år sidan sist, til denne feiringa.
Det var bra temperatur og omtrent vindstille. Mange av dei små bada, varme var det på land fra bålet.

Leiv Våga meinte han talte bortimot 250 frammøtte, trur ikkje han fekk med seg alle. Det var skikkelig kjekt å sjå at så mange møtte, det er ein fin tradisjon. Her møtest boknarar i adle aldrar.



Trur nok me har funne rette staden te neste år og, det er jo ei perle som me må bruka. Sjølvsagt har véret mykje å seia for at alt ska véra perfekt. Nå håpar me at finvéret og kan bli ein tradisjon.

Takk for frammøtet og takk for samarbeidet med båtforeningen. Me gjentar det gjerne til neste år.

# Bygdabladet for 20 år sidan

## Frå nr. 5 1986

## FULLT PÅ FERJA

Blant oss boknarar kan ein vel trygt seia at véret og ferja er noko av det som oftast vert diskutert! Og ikkje noko kan vel få sinnet slik i kok som akkurat ferja – særleg ille har det vorte det siste året. Fleire og fleire av oss har fått oppleva å stå attende på kaien i tillegg til at ein på einskilde avgangar må møta opp ½ - 1 time i førevegen for å vera sikker på å koma med. For pendlerar er desse forholda særleg irriterande. I tillegg til reise og lang arbeidsdag, opplever dei stadig vekk å ikkje koma med. Til dømes på avgang frå Bokn mandag morgon kl. 06.15 eller fredag ettermiddag kl. 16.15 frå Kopervik. Ferja er altså overbelasta, både med person og anleggsbilar. Kva så når turistsesongen står for døra? Kan me få ei betre løysing? Ryktene går. Nokon har høyrt at "Ryfylke" skal inn permanent i Boknasambandet.

Bokn Bygdeblad tok kontakt med trafikksjef Torgersen i Det Stavangerske Dampskibselskap for å høyra korleis stoda er for for tida når det gjeld Boknasambandet. Trafikksjef Torgersen var svært imøtekomande og kunne fortelja oss fylgjande:

På Boknasambandet hadde ein fyrste kvartal 1986 hatt denne auken i trafikken: Januar 16,8%, februar 8,7% og i mars 2,8%. Dette gjev eit snitt på 8,7% - noko som ligg på omlag same nivå som dei andre sambanda i fylket.

Det var ingen planer om å setja inn "Ryfylke" i Boknasambandet. Den skulle seljast. Ein såg auken i trafikken på Bokn, men kunne ingenting gjera. Det var likt for dei andre øysamfunna. (Det var trøysta.) I 1986 skulle DSD kjøpa inn to nye ferjer, ei til Rennesøysambandet og ei til Jøsenfjordssambandet. Som spørsmål om me no ville få "Hidle" eller "Ropeid" som reserveferjer for "Bokn", kunne trafikksjefen beroliga oss med at her ville ein få "Finnøy" – ei ferje som tek 30 bilar. DSD kunne ikkje gjera noko anna enn å konstatera at boknarane er lite nøgde med det tilbodet dei har i dag. "Det heile står på dei statlege myndigheter. Kontakt desse", var trafikksjefen sitt gode råd til oss.

Bokn Bygdeblad har fleire gonger ringt til Vegdirektoratet for å få snakka med kontorsjef Munkerud som er leiar for ferjetrafikken. Det, har imidlertid ikkje lukkast. Kanskje han sit i ferjekø?................

## Øyastevne på Kvitsøy

Julianne Nilssen




Søndag 11. juni reiste skulekorpset på tur. Dette året var det Kvitsøy sin tur til å arrangera Øyastevnet. Det er blitt ein tradisjon at korpsa frå øykommunane samlast og speler i lag.

Bokn kom med ferja på søndags morgon, og dei andre fem korpsa stod klare og tok i mot oss.
Dei mest ivrige boknarane kom med båt på lørdagen, og satt og fraus i skodda der ute, mens sola skein heime på Bokn.

Saman marsjerte me rundt på den idylliske øya og enda i eit kjemestort partytelt der stevnet skulle f oregå. Sola kom fram og det blei ein fin dag.

Styret i korpset vårt følgde ekstra nøye med i år, for neste år er det nemleg Bokn som skal arrangera Øyastevnet.

## Skule og barnehage informerer

### VARSEL OM 2 PLANDAGAR I AUGUST I BARNEHAGEN

Etter punkt 10 i dei nye vedtektene for barnehagen, skal foreldra ha minst ein månads førehandsvarsel når barnehagen blir stengt på grunn av plandagar.

I august 2006 blir det to plandagar. Det er **fredag 18. august og tysdag 22. august.**

Tysdagen er ein kursdag om den nye rammeplanen for barnehagar, felles for alle barnehagetilsette i Bokn og Tysvær. Fredagen er til internt planarbeid i barnehagen.

Som kjent skal det vere 5 plandagar i løpet av barnehageåret. Dato for dei siste 3 er ikkje fastsett.

### KONTAKTLÆRARAR SKULEÅRET 2006/07

1. klasse Sandra Vestvik
2. klasse Jorunn Schmeichler
3. klasse Wenche Havikbotn
4. klasse Sigrunn Hole Hosaas
5. klasse Ruth Sjøen Andersen
6. klasse Solveig Våga
7. klasse Astrid Sollid
8. klasse Brit Opsal
9. klasse Anne Løvereide Faye
10. klasse Liv Birknes

### UTBYGGING AV "VESTFLØYEN" TIL NY UNDERVISNINGSAVDELING

Arbeidet med å rive/rydde ut det gamle toalettanlegget, og grave opp for fundament for det nye tilbygget, startar etter at skulen har teke sommarferie.
Så vil tømmerarbeidet på nybygget starte midt i august, og alt skal vere klart til slutten av oktober.

Den store utfordringa i byggeperioden blir køyringa gjennom skulegarden. Her har me avtala med byggefirmaet at inn- og utkøyring i skuletida bare kan skje etter godkjenning frå skulekontoret, og me kjem sannsynlegvis til å markere dette med ei eller anna form for sperring ved flaggstonga.

### AUKA TRYGGLEIK NÅR BARNEHAGEN ER PÅ TUR

Barnehagen har gått til innkjøp av fine markeringsvestar i 4 fargar. Så neste gong du møter barnehagen på tur vil barna og dei vaksne lyse godt opp i landskapet.
Kvar barnegruppe vil ha sin eigen farge, og den vaksne som har ansvaret for gruppa har vest i same farge som barna "sine".

### KLASSEKONTAKTAR 2006/07

Dei fleste klassane har gjort dei vala dei skal for neste skuleår, og dersom våre lister er rette, ser resultatet slik ut:

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1. | klasse | Arild Nilssen | 1 år |
| | | Hilde Louise Tjøsvoll | 2 år |
| 2. | klasse | Fredrik Faye | 1 år |
| | | ? | 2 år |
| 3. | klasse | Tore Øvrebø | 1 år |
| | | Rita Jensen | 2 år |
| 4. | klasse | Odd Øyvind Hognaland | 1 år |
| | | Ann Elisabeth Strand | 2 år |
| 5. | klasse | Mona Våga | 1 år |
| | | Håvard Hetland | 2 år |
| 6. | klasse | Anne Lise T. Nilssen | 1 år |
| | | Oddvar Hognaland | 2 år |
| 7. | klasse | Odd Grønnestad | 1 år |
| | | Tone Børgesen | 2 år |
| 8. | klasse | Elisabeth Taraldlien | 1 år |
| | | Jan Eide | 2 år |
| 9. | klasse | Bernhard Våge | 1 år |
| | | Oddrun Nilssen | 2 år |
| 10. | klasse | Iren Jøsang | 1 år |
| | | Venevil Birkelund | 1 år |

### MØTEPLAN FOR SU I HAUST

Møteplanen for SU er sett opp med møte onsdagane 20. september, 25. oktober og 22. november.
Det er det "gamle" SU som møter inntil alle klassekontaktane er på plass og har valt nytt arbeidsutval.

### KVIFOR LEVE FARLEG?

Me vil sette umåteleg stor pris på at ingen svingar frå rundkøyringa og inn på gangvegen når dei skal til barnehagen. Køyr heller inn på parkeringsplassen.

Bilar parkert i og ved gangvegen har vore årsak til "nære-på-ulukker", og me veit det vil kome nye "nære-på-situasjonar" så lenge gangvegen blir brukt til parkering.

### ATTGLØYMDE KLEDE

Dette vert nok ei lita påminning om at me har mykje klede som har samla seg opp dette året og. Det som er att når elevane er reiste heim siste skuledagen fredag 23. juni, vert samla i gangen ved kjøkkenet i vest. Det er høve til å kome og sjå over det som er der fram til 1. juli. Då vert alt pakka i sekker og sendt som sist år til Ukraina.

### SKULEMJØLK OG FRUKT 2006/07

Informasjon om frukt og mjølk vert sendt ut i august før skulestart, og det vil bli sendt ut rekningar frå kommunekassererkontoret når me har fått inn bestillingane.

### SKULESTART ETTER SOMMARFERIEN

Første skuledag for elevane etter sommarferien er måndag 21. august.

### KONTAKT MED SKULEN I SOMMARFERIEN

Skulekontoret er stengt frå måndag 3. juli, og opnar igjen måndag 7. august.
Normalt er dette ein stille periode på kontoret med få eller ingen henvendingar frå foreldre eller andre. Men dersom du skulle få behov for kontakt med rektor eller seksjonssjef i denne perioden, vil du som regel kunne nå ein av dei på mobiltelefon dersom du prøver innanfor normal arbeidstid.

**(Framhald frå s. 14)**

Sak 043/06 **TILSKOT TIL FOTBALLMÅL PÅ ØYRENFELTET**
**Formannskapet vedtok**: å løyve kr 16.000,- til omsøkt formål under forutsetning av at det inngås avtale med Austre Bokn Bygdelag om vedlikehald og klipping av balløkke.

Sak 045/06 **Årsmelding**
**Formannskapet vedtok**: Årsmelding for 2005 blei vedtatt.

Sak 046/06 **Rekneskap 2005**
**Formannskapet vedtok**: Rekneskapen for 2005 blei vedtatt. Driftsoverskotet for 2005 på kr.931.378,- vert brukt til å nedbetala underskotet for 2004.

Sak 049/06 **Etablering av drosje i Bokn kommune**
**Formannskapet vedtok:** Avtale mellom Bokn kommune og Haugaland Taxi blei vedtatt.

Sak 050/06 **Tildeling av tomt i Fiskerihavna i Knarholmen**
**Formannskapet vedtok**: Det blei vedtatt å stille seg positive til å tildele bygslingstomt i fiskerihavna i samsvar med vedlagte forslag til avtale.

### Bygdabladet presenterer små og store jubilantar

Send inn papir– eller digitalbilde og ein liten tekst, enten i konvolutt, som e-post:
**jardar@bygdabladet.no** eller
som **MMS: 98 22 15 08**



Vi vil gratulere
**Sunniva** med 4 års dagen sin som var den 28. juni!
Kjempeglad i deg lille venn !

**Stor klem fra mamma, pappa og Irmelin.**

# Boknabåtane nådde heim til 17.mai

Reidar Alvestad

**For første gong vart det brukt to like Boknabåtar i kapproinga 17. mai på Bokn.**

Det hadde så vidt vore tid til å setja dei nylaga båtane inn med olje og få dei tette etter at dei for få dagar sidan var førte til Bokn frå Ryfylke Båtbyggeri på Finnøy.

### Tradisjonell feiring

Men før kapproinga hadde salutten ljoma over bygda frå Boknafjellet kl. 06.30. Etter kapproinga var det folketog frå Alvestadkroken til kyrkja, og vidare til Boknatun og skulen for vidare feiring etter gudstenesta. I Bokn er det ikkje noko barnetog, for skal ein få noko tog som viser att, må alle vera med. Og det var eit feiande friskt 17.mai-tog med flaggborg først, musikkorps og faner for barnehage skuleklassar og ulike organisasjonar som gjorde det heile til eit skikkeleg fint innslag i feiringa.



**Svein Ove Alvestad og Nils Bjørn Nilsen i båten t.v. og Egil Ognøy og Per Arthur Våge t.v. er ferdige med sin tørn. På land står i midten m.a. Natalie Våge og Vivian Pedersen som var dei einaste jentene som rodde.**

### Gode båtar

Det var i fjor sommar at ein 18 fots over 100 år gamal såkalla Boknafæring tilhøyrande Bygdemuseet vart slepa til Ryfylke Båtbyggeri på Finnøy for å vera modell for to nye Boknabåtar. Den eine var tinga av Bokn Båtforening, den andre av ordførar Svein Ove Alvestad. Meininga var at dei skulle vera ferdige til kapproinga 17. mai 2006, og det haldt inn til målstreken.

Denne båttypen vart bygd mange av på Gongstø i Øvrabøvågen på Austre Bokn av båtbyggaren Johannes Øvrebø og sønene hans i siste del av 1800-talet.

Tilfellet ville at ordføraren i Bokn som eig den eine båten, også var ein av dei to som vann kapproinga 17.mai 2006. Saman med Nils Bjørn Nilsen rodde han det ca. 370 m. lange strekket frå Boknasund bru i Boknasunet til kaien i Alvestadkroken på vel 2 minuttar og 3 sekund.

Totalt var det 15 deltakarar med, men det var ikkje mykje publikum som hadde funne vegen ned til Alvestadkroken for å sjå på. Årsaka til var nok først og fremst at det regna, men også at det er så tidleg på morgonen som kl. 08.00.

Det var mest vaksne deltakarar, men også 4 ungdommar, to gutar og to jenter. Dei to tøffe og sterke jentene som var med både i fjor og i år var 16-årige Natalie Våge og 15 år gamle Vivian Pedersen. Dei var begge enige med ordføraren at dei nye båtane var mykje romslegare og lettare å ro enn dei som har vore brukt tidlegare år.
På spørsmål om roarane hadde trent mykje før kapproinga, var det ingen som ville vedgå at dei hadde det. Dei tok det visst alle på sparket.



**Folketoget stiller opp i Alvestadkroken. Flaggbærarane først.**

### Program på skulen

På skulen var programmet lagt opp med velkomst av ordføraren som sa at det viktigaste med feiringa var å samlast og treffa folk og oppleva noko i lag. Det er triveleg at mange utflytta boknarar, fastbuande og andre kan treffa slekt, vener og andre på denne dagen.

Han minna også om kva det har kosta andre av innsats og liding i krigens dagar for at me skulle få oppleva den fridomen me har i dag.



**To av dei eldste under programmet på skulen: Helga Sunde t.v snart 83 år gamal og Synnøve Alvestad t.v. 85 år gamal. Begge synes det er fint å kunna ta del i feiringa, og treffa familie og andre kjende.**

## Resten av dagen

Så gjekk programmet vidare i gymnastikksalen med allsong, korsong og appell ved ungdomsskuleelevar. Salg av brus, is og andre godsaker, lapskaus, kaker og kaffi gjekk godt unna.

Det var opphaldsver frå barnetoget starta og til alle var i hus på skulen, så dei nye fine kleda slapp å bli våte. Men etterpå kom regnet, og leikane for barn og det andre som skulle foregå ute, vart nok ikkje så populært som det elles brukar å vera. Men det var også mange kjekke aktivitetar innandørs som ballkast, skyting, loddsal, mv., så det var likevel ein god del å ta seg til.



**Den yngste på feiringa må ha vore Stian Øvrebø som var 6 dagar gamal på nasjonaldagen. Foreldre er Harald Øvrebø og Catharina Øvrebø-Langhout.**



---

Om kvelden var det også tradisjonell folkefest på Bokn skule, med Torfinn Opheim som festtalar, underhaldning og god mat.





Dansepar frå Hegren sportsdanseklubb hadde eit flott danseshow før maten, og Kjetil Hamre leste fine dikt etter maten, ved sida av eit nytt sceneteppe.

Nå er det heile 16 boknarar med i danseklubben. Bygdabladet kjenner også til at fleire kunne tenka seg å vera med. Frå hausten vil danseundervisninga for desse foregå på tysdagar og torsdagar i gymsalen, noko som også har vore realisert denne våren.

Då vil kanskje denne elegante og fine sporten få eit endå større oppsving.

# Hoppla blakken

Kjetil Hamre

**Søndag 28. mai arrangerte BORK sprangridings– og avslutningsstevne på Torlands ridebane.**

Det ble hoppet i fire ulike klasser. I sprangriding deles klassene opp i hvor høye hinderene er og en deltaker kan være med i flere klasser. 40 cm, 60 cm, 80 cm og 100 cm var høydeklassene og totalt deltok 14 jenter fra Bokn og Tysvær, mens guttene glimret med sitt fravær.



Bygdabladet tok en liten prat med Amalie Våga, Ida Shmeichler, Gisela Strand og Sandra Jøsang for å finne ut hva som fasinerer med en stor firbent venn.

- Det er kjekt å ha noe å gjøre på fritiden, både å ri og å stelle hesten, sier Ida. De andre nikker og er enige.
- Det er en god bestevenn som ikke forteller hemmeligheter videre, fortsetter Ida. Amalie ser bort på islandshesten Frøya og smiler. Rundt omkring går ponnier en fjording, blanding og varmblodshester. I sprangriding, som alt annet, blir du god dersom du trener, og dette gjelder også for de firbente. Ida og Gisela red på Blueboy, Sandra red en hissig Fii mens Amalie red sin Frøya.

- Er dere ikke redde når dere må hoppe over hinderene? (jeg hadde aldri tørt selv).
- Hvis hesten stopper før et hinder, kommer det unisont fra alle fire.
- Ikke når dere flyr i luften? (jeg formelig kjente sommerfuglene i magen).

- Nei, kom det kort og konsist fra jentene.

I sprangriding brukes ordet ekvipasje. Dette er hest og rytter og samarbeidet mellom dem er viktig. Jeg lurte på hvem som er sjefen, hesten eller rytteren, og igjen var jentene enige om at de var sjefer og ikke hesten. En stille og rolig Frøya virket ikke uenig i det.

Stevnet markerte slutten på vårsesongen for BORK. Klubben har ingen hester selv, men låner hester av Torland Bufellsskap. Torland kan også tilby stallplass dersom noen har behov for det. BORK og Torland har et godt samarbeid. Foruten hester blir ridebanen til Torland brukt.

BORK har i dag 35 medlemmer fra Bokn og Tysvær. Instruktør er Linda Lode fra Haugesund. BORK er på mange måter inne i et generasjonsskifte og har behov for nytt blod, både unge og gamle, men spesielt gutter er mangelvare. BORK har hatt ridekurs hver fredag mellom 16.00 og 19.00 og ingen erfaring med hest kreves. Interesserte kan ta kontakt med Hilde Skeie på telefon 52 74 86 51.

Det var et artig arrangement med en utrolig fin stemning. 10 funksjonærer fikk stevnet fint i land, og ut over dagen fikk vi besøk av selveste sola. Det så ut som både ryttere og hester koste seg like mye som publikum.
Undertegnede ønsker BORK lykke til videre. Kanskje tar jeg meg et lite ridekurs til høsten...



**Ida G. Schmeichler (tv.) og Gisela Strand red begge på Blueboy. Amalie Våga (th) red sin Frøya.**

# Nærare 60 på friluftsgudsteneste

Reidar Alvestad

**Det fanst ikkje krusningar på sjøen då sommaren si årvisse friluftsgudsteneste vart halden i Loten den 11. juni. Veret synte seg med andre ord frå si aller beste side både når det gjaldt temperatur, sol- og vindforhold.**



**Godt frammøte**
Gledeleg var det også at såpass mange hadde funne vegen til Loten denne søndagsføremiddagen. Nærare 60 i talet, mest frå Bokn, men også ein god del frå Tysvær, i og med at dette er eit samarbeid mellom dei to sokna. Slik sett kan denne varianten av gudsteneste vera med på å knyta band mellom menneske, og også vera ei fin avveksling frå den vanlege gudstenesta i kyrkja.

Sokneprest Arne Aurdal ynskte velkommen til det han treffande kalla "hovuddomkyrkja" i det naturskjønne området. Tema i preika handla om treeininga.

**Forarbeid**
Etter gudstenesta var det førebudd for grilling ved at Leiv Våga hadde tilrettelagt med store grillar som vart påtende. I det fine sommarveret låg alt godt til rette for å nyta ver og natur eit par timar til.

I det heile har nok Leiv og Solveig Våga lagt ned eit godt arbeid med å setja opp benker, stolar, elektrisk orgel, "kyrkjeklokke" og alt det andre som høyrer til i ei utandørs "domkyrkje".



**Øverste bilde: Så vakkert var véret og utsikten den 11. juni i Loten. Kyrkjelyden midt i bildet.**
**Nederst: Det er god livd i "domkyrkja" i Loten.**

---

**Den 1. juli vart Aetat og trygdeetaten lagde ned, og ein ny arbeids- og velferdsetat vart etablert. I partnarskap med alle kommunane i landet skal den nye etaten etablere arbeids- og velferdskontor i heile landet.**

Det er grunn til å glede seg. Vi er heilt sikre på at den nye arbeids- og velferdsforvaltninga vil gjere oss i stand til å nå målet om å få enda fleire menneske i arbeid eller annan aktivitet – og færre på stønad.
Med alt "under eitt tak" vil vi kunne samordne, effektivisere og modernisere heile tenestespekteret, slik at vi kan gjere det mogleg for enda fleire menneske å ha eit innhaldsrikt, aktivt og trygt liv.

Men ting tek tid. Først i 2010 vil vi ha eta blert dei lokale arbeids- og velferdskontora i kvar enkelt kommune. Da har vi oppretta i snitt tre kontor i veka i tre år og utvikla nye, effektive og brukarvennlege tenester.

**Ingen dramatikk**
Det vil ikkje skje dramatiske endringar over natta. De som bruker trygdeetaten og Aetat i dag, kan trygt halde fram med å ha kontakt dei same personane som før.

**Overgangsløysingar**
**I ein periode blir det overgangsløysingar. Inntil i haust vil ein del kontor og brev framleis bere namna til dei tidlegare etatane.**
**Nye internettsider – www.nav.no – kjem i oktober.**
**Til da viser vi til internettsidene til dei tidlegare etatane for informasjon om tenestene vår.**

NAV skal bli den beste arbeids- og velferdsforvaltninga i verda. Det er ambisjonen. Vi går laus på oppgåva med skrekkblanda fryd.

**Vil du vite meir om den nye arbeids- og velferdsetaten? Spør etter brosjyren "Vi gir menneske moglegheiter".**

# Diabetes og føter

Personar med diabetes har lettare for å få sår på bena enn andre. Såra har ofte vanskelig for å gro. Dette skyldes vanlegvis ein kombinasjon av
nerveskade og nedsett blodsirkulasjon til føtene. Betring av blodsukkerkontrollen kan være med på å redusere plagene.

Kvart år foretas det om lag 500 amputasjonar over okla på grunn av diabetes i Noreg. Gratis fotbehandling vil kunne forhindre mange av disse amputasjonane.

På verdensbasis ampu-teres det et bein på grunn av diabetes hvert 30. sekund, og hele 70 prosent av alle fotamputasjonar forekommer hos personer med diabetes. Man tror at rundt 85 prosent av alle fotamputasjonar på grunn av diabetes kunne ha vært forhindret ved hjelp av forebygging.

Norges Diabetesforbund kreve at fotbehandling kommer under egenandelstaket slik at fleire får råd til å ta hånd om føttene sine.

- Fotbehandling burde vært på blå resept, sier Anne Mette Liavaag som er forbundsleder i Norges Diabetesforbund.

Forbundslederen mener også at fotbehandlingen bør bli mer organisert og effektiv slik at man kan forhindre unødige amputasjoner.

- Det bør opprettes tverrfaglige fotteam på sykehusene og personer med diabetes må få god opplæring i egenomsorg, mener Liavaag.

Fotsår hos diabetikere skyldes vanlegvis nerveskade og nedsett blodtilførsel til føtene. Konsekvensen kan vere at ein ikkje merker det når ein trør på noko skarpt eller får ein stein i skoen. Det kan føre til sår som har vanskeleg for å gro, spesielt dersom blodtilførselen og er nedsett.

Personer med diabetes kan og sjølve gjere mykje for å førebyggje problemer med føtene og amputasjoner. Det innebærer å undersøkje føtene jevnleg (gjerne med speil), bruke fotkrem, bruke gode sko, unngå å gå barbeint eller å røyke, samt å halde blodsukkeret lågt.

Det er ein god regel å få undersøkt føtene av lege årleg,



samt å få stelt
føtene hos fotteraput jevnlig slik at ein kan oppdage teikn på nerveskade eller trange blodårer
tidleg.
Fotsår har vanskeleg for å gro. Det er lettare å førebyggje enn å reparere.

**Rita Jensen**

# Maratonmannen fikk ærespris

Sakset fra artikkel av Frode Sandal - Publisert 16.05.06

**Einar Søndeland fikk nesten hakeslepp da han i går ble tildelt Rogaland Idrettens Ærespris.**

- Jeg er enormt stolt og beæret. Jeg er rett og slett målløs, sa Søndeland etter at han fikk den prestisjetunge prisen mandag ettermiddag.

Prisen - og kringlen - ble delt ut av regionbanksjef Lars Enevoldsen.

Han ante ingenting om tildelingen da han møtte opp til trening med den muntre gjengen i Gladtrimmen ved Svithun videregående skole. Der ble han møtt av rundt 50 ivrige trimkamerater, flagg, kaffe og kringle.

- Nå forstår jeg litt mer av hvorfor jeg nylig ble spurt om jeg kommer til å stille jevnt på treningen framover. Jeg syntes spørsmålet var litt rart. Jeg pleier jo å komme, sa den stolte maratonmannen, til den frammøtte pressen.

- Dette var uventet, men veldig gledelig for arbeidet vi legger ned i GTI, fortsatte Søndeland.

Han er frontfigur for friidrettsklubben Gladtrimmen, som hver uke samler en gjeng godt voksne som bruker joggeskoene til det de skal brukes til.

Søndeland er og har vært drivkraften bak en rekke friidrettsarrangementer, blant dem Stavanger Maraton, i tillegg til å være en meget god løper selv.

Prisen deles ut av SpareBank 1 SR-Bank og Rogaland Idrettskrets. Den skal tilfalle en person som i løpet av året, eller over en årrekke har gjort en betydelig og uegennyttig innsats for å fremme idrettens sak og for utøving av idrett på bredt grunnlag i Rogaland. Prisen kan også tildeles lag/grupper.




**Bilde fra Roma Maraton, hvor Einar Søndeland deltok i slutten av mars i år - 1 km fra mål.**

**Foto: Arrangør, Roma Maraton**

# Eit år som vertsfamilie

Hanne Marte Vatnaland

**Nordmenn syt med å opne heimen sin for det som er nytt og framandt, og det er veldig synd, for me har alle hatt eit svært lærerikt og spennande år.**

Fleire bad om ei oppfølging av ein artikkel skrive ved skulestart i fjor, **"Eit ekstra familiemedlem"**.
Ti månadar, og eit utvekslingsår seinare har eg lært mykje om kva det vil seie å opne heimen sin for ein utvekslingselev som kjem til eit framandt land.

Det skal være særs vanskeleg å skaffe utvekslingselevar med eit ønskje om å bu i Noreg ei norsk adresse for eit år. Nordmenn syt med å opne heimen sin for det som er nytt og framandt, og det er veldig synd, for me har alle hatt eit svært lærerikt og spennande år.

Det har sjølvsagt vore nokre situasjonar som ikkje har vore fullt så enkle. Som for eksempel når Rike ikkje fekk plass på den skulen ho hadde ynskja. Eller at det ikkje var plass i andre klasse på Skeisvang som tilsvarer skuleåret hennar heime i Tyskland, men etter ei veke på Teikning, Form og Farge fekk ho byrje i tredje klasse på Skeisvang som russ. Alt har med andre ord ordna seg til slutt, og det har for det meste berre vore positive erfaringar. Foreldra mine seier dessutan at dei har fått meir erfaringar frå å ha ein eldre ungdom i huset, og føler seg dermed betre forberedt på framtida.

Ein utvekslingselev skal ikkje vere ein slags turist. YFU seier derfor at vertsfamilien tvert imot skal reise rundt heile Noreg på sightseeing med studenten, men heller la han ta del i familiens vanlege turar og feriar slik at han på den måten blir ein del av familien. Rike har med andre ord vore på eit par båtturar i løpet av året, og saman har me besøkt Preikestolen, Kvitsøy-dagane, Sandnes, og me hadde nettopp ein kort jentetur til Bergen.

Utvekslingseleven skal heller ikkje vere ein gjest. Sjølv om studenten heilt sikkert får mykje oppmerksemd i byrjinga, tar det ikkje lang tid før ho eller han finn seg til rette og fungerer som eit ekstra familiemedlem som hjelp til med plikter i huset. Alderen til vertssyskena i familien dykkar har ingenting å seie; små barn får nokon å sjå opp til, og eldre barn får ein ny venn.

**Ein venn for livet**
Me som vertssysken har også hatt stort utbytte av å ha ein ekstra ungdom i huset. Me har blitt godt kjende med Rike, og har lært oss å sjå oss sjølve gjennom andre sine augo. Heile familien har fått ein venn for livet. Mamma seier ho gler seg til det kjem ein bryllaupsinvitasjon frå Tyskland i posten, sjølv om eg trur me treffest igjen før det.

Det finst mange forskjellige organisasjonar som utvekslar studentar med Noreg. Om du synest det høyrest interessant ut, er det i det minste verdt å sette seg ned saman med familien din og diskutere.
Det er trist at så mange elevar frå andre land ynskjer å oppleve Noreg, og det å vere norsk i eit år, men ikkje skal få nokon stad å bu.

For dei som er usikre på om dei kan eller vil vere vertsfamilie i eit heilt år, er det også noko som heiter ankomstfamilie. Ein ankomstfamilie tar imot elevar når dei kjem til Noreg, og har dei buande i to til åtte veker. Om de som ankomstfamilie blir gode vener med eleven, kan dykk velje å ha eleven buande hos dykk heile utvekslingsåret. Meir om dette kan du lese på www.yfu.no.

Å ta imot ein utvekslingselev i sin familie er nesten ein like stor oppleving som sjølv å reise til eit framandt land. Forskjellen er at du ikkje reiser ut i verda, men at verda kjem heim til deg.

**Eg intervjua Friederike Müller (Rike)** medan me sat og såg på Tyskland – Polen på TV og åt Freia mjølkesjokolade, - som definitivt har blitt favoritten.

**Kvifor Noreg?**
- Ei venninne reiste til Sverige, og sa det var veldig kjekt. Derfor ville eg også oppleve Skandinavia. USA ble litt for standard for meg.

**Korleis er nordmenn?**
- Reserverte i byrjinga, men likevel veldig snille og venlege. Dei kan kanskje verke litt kalde nokre gonger, i den forstand at dei ikkje har så lett for å vise kjensler. Når eg kom til Noreg var alle veldig interessert, og det var hyggjeleg.

**Oppturar og nedturar i løpet av året?**
- Nedtur var når det var så mørkt rundt vintertid, det påverka humøret mitt ein del, og eg var ganske trøytt. Resten av året var ein einaste opptur; med turar og norske tradisjonar.

**Har du kjent deg skikkelig norsk i løpet av året?**
- Høgdepunktet må vere då eg fekk låne Ann Jeanette sin bunad til Janne Elin sin konfirmasjon.


Rike har fått helse på det norske trollet.

**Er det noko som har overraska deg?**
- Det var svært overraskande at så mange lærte tysk i skulen, og at nordmenn veit så mykje om Tyskland. Norske ungdommar er svært opptatt av klede og utsjånad, og det gjeld overraskande ikkje berre jentene. Dessutan trener dei overraskande mykje, - både unge og vaksne. Tyske ungdommar har dessutan eit heilt anna måtehald til alkohol…
Her i Noreg har de mykje fleire arbeidsplassar enn i Tyskland, det oppdaga eg ved at så godt som alle ungdommar har ein jobb ved sida av skulegang. Eg har sjølv fått fiksa meg nokre småjobbar.

**Har du nokre råd til dei som tenkjer på å bli vertsfamiliar?**
- Ikkje ver redde for å ta inn elevar frå andre land. Elevane som ynskjer å reise til Noreg er utadvendte og veit å oppføre seg. Me forventar heller ikkje å komme til noko hotell, men til ein gjennomsnittleg norsk familie.
- Det er tross alt heile meininga med opplegget. Det er heller ikkje noko krav at vertsfamilien skal ha jamgamle barn. Det kan vere vel så spennande med små sysken, - kanskje det er nytt for eleven?

**Er det noko du har opplevd for første gang, eller noko du har lært?**
- Det er mykje: langrennsski og snowboard, båttur, krabbe og hummar, og rundt jul baka eg lefse, og bollar har eg også lært meg å bake. Eg har spist kval, men det trur eg ikkje eg våger å seie til nokon heime, ler ho.

**Kva kjem du til å sakne?**
- Familien og venner, fjell og sjø sidan me ikkje har den same naturen. Båtturar, bollar og mjølkesjokolade er ting eg kjem til å sakne, men ikkje bussturane til skulen kvar morgon…

# "Kjekt på Bokn"

Ved den siste revideringa av kommuneplanen blei det gjort vedtak om å starte opp eit prosjekt som har som mål å aktivisere og engasjere boknarane for å skapa eit endå betre lokalsamfunn med

- Gode oppvekstvilkår
- Møteplassar
- Tilrettelegging av tiltak for å ta naturen i bruk
- Helseførebyggande tiltak for heile befolkningen
- Etablering av fleire arbeidsplassar i kommunen
- Gjere kommunen til ein god kommune å jobbe i
- Skapa ei bygd der me som bur trivst og inkluderer alle

Det er bestemt at prosjektet "Kjekt på Bokn" skal bestå av 3 delprosjekt med ei arbeidsgruppe for kvart delprosjekt og formannskapet som styringsgruppe. Delprosjekta er kalt

- Delprosjekt 1 - Ta naturen i bruk, sekretær Dag Halvorsen
- Delprosjekt 2 - Helseførebyggande tiltak, sekretær Gunn Grønnestad
- Delprosjekt 3 - Etablering av nye arbeidsplassar på Bokn, sekretær Haugaland Vekst IKS v/ Alf Olav Grinde

Formannskapsmedlemma vil delta i arbeidsgruppene.

Ein ynskjer arbeidsgruppene skal vere bredt samansatt med representantar frå alle aldersgrupper, organisajsonar og lag og alle deler av kommunen. **Dei som har lyst og vilje til å vere med å utvikle Boknasamfunnet og ta del i arbeidet i ei av arbeidsgruppene, inviteres til å ta kontakt med enten formannskapsmedlemmene direkte eller Servicetorget på telefon 52 752500.**

Arbeidet i arbeidsgruppene vil starte opp i siste del av august.

Med helsing



Caprinos eventyrlige verden

## Har du lånt denne filmen på biblioteket og gløymt å legga han tilbake i coveret?

## Frivillige mannskaper til brannvesenet

**Det er ledig 1 stilling som frivillig mannskap i Bokn brann-og redningsvesen.**

Søker må ha førerkort (klasse c vil være en fordel) og være i god fysisk form. Den som blir tilsatt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring (minimum et brevkurs, røykdykking og førstehjelp).

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære personsøker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen.
Det er ikke innført vaktordning.

Tilsettingsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk og at søker består en helsesjekk for brannmannskaper.
Fast godgjørsle utgjør for tida kr. 9.000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltakelse på øvelser og utrykninger.

**Spørsmål kan rettes til brannsjefen på tlf. 52 75 25 05.**

**Søknad må være sendt Bokn kommune innen den 4. juli 2006.**




**Folkeavrøystinga**

**Kommunsamanslutning Bokn/Tysvær.**

**Står du i manntalet?**

Dersom du ikkje står i manntalet som bostatt i Bokn kommune valdagen 18. september 2006 kan du ikkje røyste ved folkeavrøystinga.

Du kan undersøkje om du står i manntalet i Bokn Kommune når manntalslistene blir lagde ut på Boknatun. Listene blir liggjande ute frå og med 24. juli til og med valdagen.

Dersom namnet ditt ikkje står i manntallistene som er lagde ut, eller det er andre feil i listene, kan du klaga til valstyret i Bokn.

Adressa til valstyret er: Boknatun, 5561 BOKN.

**Røysterett**
Røysterett har du dersom du fyller 18 år i 2006 **og** er registrert i folkeregisteret og bosatt i Bokn kommune på valdagen 18. september 2006.

**Førehandsrøysting**
Du kan førehandsrøyste på Boknatun, i servicetorget frå og med 24. juli 2006 og fram til fredag 15. september 2006. Opningstider for førehandsrøystinga på kvardagar er frå kl. 09.00 til kl. 14.30.

Det blir høve til å **førehandsrøyste** søndag 10. september og 17. september. Opningstid for førehandsrøysting på søndagar er frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

Bokn, den 21. juni 2006.

Svein Ove Alvestad
leiar i valstyret.

## Ferievikarer – teknisk seksjon sommeren 2006

Bokn kommune v/teknisk seksjon søker etter ferievikarer over 18 år for arbeid som maling, klipping av grøntareal, samt diverse annet forefallende arbeid. I fra uke 30-33

Arbeid på kirkegården vil bestå av klipping og stell på kirkegården. Her er det muligheter for fleksibel arbeidstid, (klipping skal foregå mellom kl 07.30-20.00 og ikke på søndager)

**Søknad sendes inn til Bokn kommune v/teknisk seksjon innen 14.07. 2006. Sett opp hvilke uker som er aktuelle å jobbe.**

**Spørsmål kan rettes til Unni W W Høivik eller Hans Faye, tlf. 52 75 25 00**

## TILBUD SKJELLSAND

Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt innmark

Kr. 170,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

***Kontakt Morten Ullenes***
***4150 Rennesøy***

## HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga

HÅRSMIÅ har åpent på ukedager.

Fører goldwell-produkter. Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Mona

## FREESTYLE 475 SELGES

Årsmodell: 2003

Motor: Mercury 60hk 4 takt. Kjørt ca. 40t

Ekkolodd og fortøyningspakke.

**Henvedelse Hans Faye, 98 22 15 05**

## FRISØRGÅRDEN

Sommar og ferietid

Ferien min i år blir f.o.m. 17. juli t.o.m. 7. august

Frå august skiftar eg opningsdagar
til tirsdag og torsdag.

Ope 8. og 10. august, stengt i veke 33 -
opnar igjen 22. august.

God sommar!

*Anita*

## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97

***Hjertelig takk*** *for medfølelse og blomsterhilsener i forbindelse med min kjære mann og vår gode far, Gustav Folke Kjellesvik sin bortgang.*

*Else m/fam.*

***Hjerteleg takk*** *for alle blomster og deltakelse ved vår kjære mamma sin bortgang."*

*Else Turid, Einar og Lindy*

**Produksjon-
medarbeidere
søkes**

Bokn Seafood A/S søker produksjonsmedarbeidere/ skoleungdom (ferievikarer) for rensking og pakking av krabbe.

2-4 dager i uken (ikke fredag), vanlig arbeidsdag.

Kan dette være noe for deg, ta kontakt med undertegnede.

**Espen Alvestad, tlf. 900 15 921**

Biblioteket er sommarstengt til 22. august.

Bygdabladet ynskjer alle lesarane
ein god sommar! På gjensyn i august.




Barneforsikring
skal være som
småbarnsfedre
- Nesten overbeskyttende
Barna er det viktigste her i livet. Det at det kan skje barna noe, er noe av det verste du kan tenke deg. Vi er flinke til å forsikre både hus og bil, men barna er lett å glemme. Dette kan du gjøre noe med! Barneforsikring gir en ekstra trygghet hvis noe uforutsett skulle skje. Vi er opptatt av at du skal ha de forsikringene du trenger!
SR-Bank Bokn har alle typer forsikringer
Ta kontakt med oss på telefon 52748221, så forteller vi deg mer om hvorfor det er viktig å forsikre deg selv og de du er glad i!
Kjøp barneforsikring av noen som kjenner deg.
SpareBank 1
Barneforsikring

## Div. tenester på Boknatun

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Smertebehandling med nåler.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

**BOKN FOTTERAPI**

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.

**Enkelte laurdagar etter avtale.**

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

**Rita Jensen - fotterapeut**

**Nav - Arbeids– og velferdsforvaltninga**

**Sjå side 21**

| | |
|---|---|
| Kontortid | kl. 9.00 – 14.30 |
| Telefontid | kl. 8.00 – 15.30 |

Kundesenteret: 815 81 000

**LANDBRUKSKONTORET**

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. 52 77 05 00

**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**

**DAGSENTERET**

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Me held til i fellesstova til omsorgsbustadene.
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 52 74 83 09

**Julianne Nilssen - aktivitør**

Stort forside-bilde:

Frå KM3 i Knarholmen 17. juni (sjå s. 3)

Foto: Jardar Havikbotn






Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**BYGDABLADNEMND**
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland
Johannes Nilssen

**TILSETTE**
Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

**ANNONSEPRISAR**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 620,- |
| Halvside | kr. 380,- |
| Kvartside | kr. 190,- |
| 1/8 side | kr. 125,- |
| Privatann. | kr. 40,- |
| Fastann. | etter avtale |

**www.bygdabladet.no**

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

**Vi kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.**
**E-post: postmottak@bokn.kommune.no**

Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

# Fann hubro på Sæbø

Reidar Alvestad

**Marie Vågshaug fann pinseafta ein hubro på marka ved ein steingard ikkje så langt frå heimehusa. Fleire aggressive og hissige kråker flaksa rundt han og pikka bort i han.**

**I hus hos Ottar Borgenvik**

Marie ga då melding om hubroen til naboen Ottar Borgenvik, som er ein person som tidlegare har erfaring frå stell av mange fuglevariantar på garden. Han har plassert hubroen i eit stort fuglebur heime, og har starta opp med mating.

I starten var hubroen svært tilbakehalden og viste inga interesse for mat. Etter kvart har Ottar fått han til å svelja nokre små kjøttstykker ved at han legg dei i nebbet med ein pinsett. Menyen er førebels lamme-kjøtt.



**Ottar Borgenvik matar hubroen ved hjelp av ein pinsett.**

**Mager fugl**

Hubroen var svært avmagra då han vart funnen, og det spørs kva som er årsaka til dette. Ottar meiner at han kanskje har skada synet, og derfor ikkje finn mat. Han har ein utvida pupill på det høgre auga, utan at ein veit kvifor. Kanskje har han kollidert med noko. Årsaka til funnet og avmagringa kan også ha vore at han er, eller har vore sjuk.
Ottar vil gjerne mata han vidare, og sjå om han kan bli i stand til å greia seg sjølv att.

**Stor fugl**

Hubroen er Norges og verdas største ugleart. Han er også ein trua dyreart, og står på den norske lista som sårbar. Han kan bli opptil 70 cm høg når han sit. Han kan ha eit vengespenn på opptil 2 meter. Han tar smågnagarar, men også rotter og vånd (jordrotter). Han tar også fuglar som måkar og kråker.
Det er ein flott fugl.



**Kanskje kan denne staselege fuglen sleppast ut i naturen att. Ein kan sjå at den eine pupillen er større enn den andre.**

20 dagar etter funnet fortalde Ottar Borgenvik at hubroen verka sprekare og friskare. Då gjekk det på hjortakjøt, og ho åt godt.

Målet var sjølvsagt at fuglen skulle greia seg på eiga hand igjen, og matfaren ville sjå tida an.